



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Seniorrådet

Møtedato: 24.03.2026
Møtestad: Eventyrskogen
Møtetid: kl 09.30 - 10.00

Møtedeltakarar	Parti
Asbjørg Kvame Hetlesæter	KrF
Endre Gjil	U
Johanne G. Myklebust Hetland	U
Kirsti Flatø	U
Olav Sigmund Østerhus	U

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
008/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
009/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
010/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
011/26	Høyrings svar NOU 2026:1 Ein berekraftig kommunesektor

008/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

24.03.2026 Seniorrådet

Behandling:

Røysting:

Samøystes vedteke

ELD - 008/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

009/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

24.03.2026 Seniorrådet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

ELD - 009/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

010/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

24.03.2026 Seniorrådet

Behandling:

- **Trygg i eget hjem.** Strand kommune arrangerer "Trygg i eget hjem" 14. og 15. april kl 12-18, Holtgården (tidligere Fagmøbler). Innbyggere i Hjelmeland inviteres til å delta på arrangementet. Invitasjonen vil bli distribuert på inforskjemer og kommunens facebookside.

- **LH1/Vågatun.** Seniorrådet spør om status for LH1. Kommunedirektør informerer om tilbakemelding frå utbygger at det er vanskelig å selge leiligheter i Vågatun pga buplikt. Administrasjonen la fram sak til formannskapet om å fjerne buplikt på 4 av leilighetene, men formannskapet stemt mot, og vedtok at vedtak frå formannskapet sin sak 030/24 vert oppretthalde utan endringar. Kommunen har kontrakt med utbygger ut 2026, og kommunen har ikkje fått beskjed om at prosjektet er skrinlagt. Det er ikkje mogleg med samarbeid med husbanken på dette prosjektet.

ELD - 010/26 **Vedtak:**

Sakene tas til orientering.

011/26: Høyringsvar NOU 2026:1 Ein berekraftig kommunesektor

Forslag til vedtak

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er for avgrensande og for direkte styrt, og dermed avgrensar handlingsrommet til kommunane. Staten bør i større grad leggja til rette for at kommunane i partssamarbeid kan finna lokale løysingar ut frå fagleg forsvarlegheit.
2. Hjelmeland kommune meiner ei bør endra lærarnorma frå hovudtrinn per skule til kommunenivå og at utforminga av denne bør ha som hensikt å gi elevane tilstrekkeleg pedagogisk oppfølging. Lærarnomen angår i liten grad Hjelmeland kommune fordi skulane våre og klassar i stor grad er for små til å komma inn under norma.
3. Hjelmeland kommune støttar Kommunekommisjonen i at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelovas §3-2 blir oppheva.
4. Hjelmeland kommune støttar kommisjonsforslaget til innlemming av øyremerkte tilskot, med unntak av forslaget om innlemming av veterinærtilskot. Kommunedirektøren støttar KS sitt forslag som tilrår at den delen av tilskotet som blir spesielt gitt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtenester på dagtid i kommunar med svakt næringsgrunnlag blir vidareført som øyremerkte tilskot.
5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
6. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

17.03.2026 Arbeidsmiljøutvalet

Behandling:

Alternativt forslag til vedtak, foreslått av Ingvild Egeland, Norsk sykepleierforbund

Forslag frå arbeidstakersida representert ved Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Sjukepleiarforbundet.

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav blir opprettheldt slik som det ligg føre fordi det gir tydeligare ansvar, betre styring og sikrar kvaliteten.
2. Lærarnorma blir opprettheldt fordi me må ha nasjonale retningslinjer på skulenivå for å sikra likskap og minstestandardar der det er nødvendig.

3. Dei formelle kompetansekrava i helse og omsorgslova § 3-2 blir opprettheldt, fordi lågare kompetanse kan bli kostbart på sikt.
 4. Dei øyremerka tilskota skal halde fram, heller meir forenkla og målretta i staden for avvikling.
 5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
 6. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.
- Det store bildet: Kor mykje skal staten styre av det som skjer i kommunal sektor? Kommunesektoren har eit sterkt ønskje om å kunne styre meir av det som skjer i kommunane sjølv.
 - Forslaget til vedtak er i stor grad det same som KS sin uttale, med unntak av punkt 5, kor Hjelmeland har eit anna ønskje enn KS. Kommunen meiner det er betre for Hjelmeland.
 - Dei tillitsvalde er takknemlege for brei involvering. Dei tillitsvalde hadde eit alternativt forslag til vedtak.

Røysting:

Ikkje samrøystes. Arbeidsgivarsida stemte for det opprinnelege forslaget til vedtak, mens arbeidstakersida stemte på det alternative forslaget til vedtak.

AMU - 013/26 Vedtak:

Forslag til vedtak frå arbeidsgivarsida:

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er for avgrensande og for direkte styrt, og dermed avgrensar handlingsrommet til kommunane. Staten bør i større grad leggja til rette for at kommunane i partssamarbeid kan finna lokale løysingar ut frå fagleg forsvarlegheit.
2. Hjelmeland kommune meiner ei bør endra lærarnorma frå hovudtrinn per skule til kommunenivå og at utforminga av denne bør ha som hensikt å gi elevane tilstrekkeleg pedagogisk oppfølging. Lærarnomen angår i liten grad Hjelmeland kommune fordi skulane våre og klassar i stor grad er for små til å komma inn under norma.
3. Hjelmeland kommune støttar Kommunekommisjonen i at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelovas §3-2 blir oppheva.
4. Hjelmeland kommune støttar kommisjonsforslaget til innlemming av øyremerkte tilskot, med unntak av forslaget om innlemming av veterinærtilskot. Kommunedirektøren støttar KS sitt forslag som tilrår at den delen av tilskotet som blir spesielt gitt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtenester på dagtid i kommunar med svakt næringsgrunnlag blir vidareført som øyremerkte tilskot.
5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
6. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

Forslag til vedtak frå arbeidstakarsida representert ved Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Sjukepleiarforbundet:

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav blir opprettheldt slik som det ligg føre fordi det gir tydeligare ansvar, betre styring og sikrar kvaliteten.
2. Lærarnorma blir opprettheldt fordi me må ha nasjonale retningslinjer på skulenivå for å sikra likskap og minstestandardar der det er nødvendig.
3. Dei formelle kompetansekrava i helse og omsorgslova § 3-2 blir opprettheldt, fordi lågare kompetanse kan bli kostbart på sikt.
4. Dei øyremerka tilskota skal halde fram, heller meir forenkla og målretta i staden for avvikling.
5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
6. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Øye, SP: Ho reiste spørsmål om sin habilitet til pkt 2. Ho vart røysta gild (samrøystes) og fekk delta i behandlinga av saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si innstilling: Samrøystes vedteke

FSK - 038/26 Vedtak:

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er for avgrensande og for direkte styrt, og dermed avgrensar handlingsrommet til kommunane. Staten bør i større grad leggja til rette for at kommunane i partssamarbeid kan finna lokale løysingar ut frå fagleg forsvarlegheit.
2. Hjelmeland kommune meiner ei bør endra lærarnorma frå hovudtrinn per skule til kommunenivå og at utforminga av denne bør ha som hensikt å gi elevane tilstrekkeleg pedagogisk oppfølging. Lærarnomen angår i liten grad Hjelmeland kommune fordi skulane våre og klassar i stor grad er for små til å komma inn under norma.
3. Hjelmeland kommune støttar Kommunekommisjonen i at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelovas §3-2 blir oppheva.
4. Hjelmeland kommune støttar kommisjonsforslaget til innlemming av øyremerkte tilskot, med unntak av forslaget om innlemming av veterinært tilskot. Kommunedirektøren støttar KS sitt forslag som tilrår at den delen av tilskotet som blir spesielt gitt som stimuleringstilskot til

dekning av veterinærtenester på dagtid i kommunar med svakt næringsgrunnlag blir vidareført som øyremerkte tilskot.

5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.

Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

24.03.2026 Seniorrådet

Behandling:

Alternativt forslag, foreslått av Johanne G. Myklebust Hetland, Uavhengig

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav blir opprettheldt slik som det ligg føre fordi det gir tydlegare ansvar, betre styring og sikrar kvaliteten.
2. Lærarnorma blir opprettheldt fordi me må ha nasjonale retningslinjer på skulenivå for å sikra likskap og minstestandardar der det er nødvendig.
3. Dei formelle kompetansekrava i helse og omsorgslova § 3-2 blir opprettheldt, fordi lågare kompetanse kan bli kostbart på sikt.
4. Dei øyremerka tilskota skal halde fram, heller meir forenkla og målretta i staden for avvikling.
5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
6. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

Rådet diskuterer høyringssvaret på NOU. Rådsmedlem Myklebust Hetland legg i alternativt forslag til vedtak.

Røysting:

Alternativt forslag til vedtak framsett av rådsmedlem Myklebust Hetland: Samrøystes vedteke
Opprinneleg forslag til vedtak: Falt

ELD - 011/26 Vedtak:

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav blir opprettheldt slik som det ligg føre fordi det gir tydlegare ansvar, betre styring og sikrar kvaliteten.
2. Lærarnorma blir opprettheldt fordi me må ha nasjonale retningslinjer på skulenivå for å sikra likskap og minstestandardar der det er nødvendig.
3. Dei formelle kompetansekrava i helse og omsorgslova § 3-2 blir opprettheldt, fordi lågare kompetanse kan bli kostbart på sikt.

4. Dei øymerka tilskota skal halde fram, heller meir forenkla og målretta i staden for avvikling.
5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.

Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

24.03.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Forslag frå Anne Tove G. Ingvaldstad 24.03.26 til Råd for menneske med funksjonshindring, foreslått av Anne Tove G. Ingvaldstad, Senterpartiet

Forslag til vedtak frå Anne Tove G. Ingvaldstad i FUNK 24.03.26

1. Kravet om kva profesjonar kommunane som eit minimum må ha knytta til seg i helse- og omsorgstenestene vert oppretthalde. Desse er i følgje høyringsdokument: Lege, fysioterapeut, jordmor, helsesjukepleiar, ergoterapeut og psykolog (erstatter pkt. 1 og 3 i opprinneleg forslag til vedtak).
2. Lærarnorma blir oppretthalden som den er. Den gjeldande norma er ei forholdsvis ny ordning (frå 2018) som har gitt elevane i skulen ei sikring mot å vera plasserte i for store grupper på kvar lærar.
3. Veterinærvakttilskotet blir oppretthalde som øymerkt. Andre øymerka tilskot kan gå inn i rammeoverføringane slik at ressursane kan fordelast etter lokale behov og politisk styring, og ein reduserer administrasjon ved rapportering om øymerka tiltak.
4. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
5. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

Rådet diskuterer høringssvar til NOU og rådsmedlem Ingvaldstad fremmar alternativt forslag til vedtak.

Grunngjeving for alternativ forslag til vedtak fremma av rådsmedlem Ingvaldstad:

Rådet er generelt for gode vilkår for lokal politisk styring i landet. Men – det er visse område rådet meiner det bør vera «ein statleg finger» inne på og halda litt styring. Bemanningsnormer er eit stikkord her. Rammer for korleis kvardagen til borna skal vera. Når det gjeld å bli sett, få kontakt med eit lærarblikk og god oppfølging i læring og danning.

Dette rådet skal ivareta interessene til ei gruppe som oftast treng litt meir av tenester enn gjennomsnittet for å leva eit godt liv. Desse normene og lovpålagde kompetansen er i si tid laga for å vera eit sikkerhetsnett.

I helse kan det bli lett for kommunar å fjerna stillingar med personell som har spesifikk kompetanse retta mot særlege behov eller grupper. Til dømes jordmor, noko som går ut over ei særskilt gruppe i samfunnet.

Rådet skjønar ikkje at lærarnorma ikkje skal ha relevans i denne kommunen, det kan bli for lett i tronge tider å setja elevar frå fleire trinn inn i same gruppe. Dette er eit minimum.

Røysting:

Alternativt forslag til vedtak fremma av rådsmedlem Ingvaldstad: Samrøystes vedteke

Opprinneleg forslag til vedtak: Falt

FUNK - 011/26 Vedtak:

Forslag til vedtak frå Anne Tove G. Ingvaldstad i FUNK 24.03.26

1. Kravet om kva profesjonar kommunane som eit minimum må ha knytta til seg i helse- og omsorgstenestene vert oppretthalde. Desse er i følgje høyringsdokument: Lege, fysioterapeut, jordmor, helsesjukepleiar, ergoterapeut og psykolog. (erstatter pkt. 1 og 3 i opprinneleg forslag til vedtak).
2. Lærarnorma blir oppretthalden som den er. Den gjeldande norma er ei forholdsvis ny ordning (frå 2018) som har gitt elevane i skulen ei sikring mot å vera plasserte i for store grupper på kvar lærar.
3. Veterinærvakttilskotet blir oppretthalde som øymerkt. Andre øymerka tilskot kan gå inn i rammeoverføringane slik at ressursane kan fordelast etter lokale behov og politisk styring, og ein reduserer administrasjon ved rapportering om øymerka tiltak.
4. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
5. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.